



Statens vegvesen

Referat

Dato: 07.06.2018
Tid: 10:00 – 14:00
Referent: Olav Svangstu

Sakshandsamar/telefon:
Olav Svangstu/57 65 58 28
Vår dato: 07.06.2018
Vår referanse:

Nasjonal transportplan 2022–2033 – Riksvegutgreiinga

Møte nr.: 1

Stad: Comfort Hotel Bergen Airport

Møteleiar: Helge Eidsnes

Til stades: Frå Rogaland fylkeskommune: Leiar i samferdselsutvalget Arne Bergsvåg, medlem i samferdselsutvalget Harald Stakkestad, samferdselssjef Gottfried Heinzerling, Frå Hordaland fylkeskommune: fylkesvaraordførar Pål Kårbø, fylkesdirektør, medlem i utval for miljø og samferdsel Roald Kvamme, samferdsel Håkon Rasmussen, seniorrådgjevar Matti Torgersen, Sogn og Fjordane fylkeskommune: fylkesdirektør for samferdsle Dina Lefdal, plan- og beredskapsleiar Ole Ingar Hæreid, Frå Statens vegvesen: Regionvegsjef Helge Eidsnes, NTP-kordinator Olav Svangstu, ruteansvarleg Nils Magne Slinde, ruteansvarleg Tina Jacobsen, ruteansvarleg Kjell Kvåle, Ruteansvarleg Inge Alsaker, ruteansvarleg Signe Eikenes, ruteansvarleg Olav Finne, avdelingsdirektør Astrid Eide, avdelingsdirektør Grethe Vikane, avdelingsdirektør Sverre Egil Finden, Knut Helge Olsen, Tonje Fjeld Hæreid, Eli Marita Vik Næss, Svein Nyback Nilsen

Forfall:

Kopi: Tone Oppedal

1. Innleiing

Regionvegsjef Helge Eidsnes ønske velkommen.

Nasjonal transportplan er ein svært viktig brikke i samfunnsplanlegginga, og fylkeskommunane har ein stor rolle i utviklinga av regionen. Sjølv om det er Statens vegvesen som har til oppgåve å lage grunnlaget for den delen av transportplanen som angår riksvegane, angår dette i stor grad fylkeskommunane. Statens vegvesen er derfor opptekne av å ha nær kontakt om dette temaet.

2. NTP-prosessen og føresetnader

NTP-koordinator Olav Svangstu orientere om prosessen med NTP og Riksvegutgreiinga.

Grunnleggjande føresetnader var gjennomgått.

Sjå vedlagte presentasjon.

3. Orientering om riksvegrutene i regionen

Ruteansvarlege gjekk gjennom rutene i regionen med omsyn til status, behov. Første skisse til mål vart omtalt.

Sjå vedlagde presentasjon.

4. Samfunnsøkonomiske berekningar

Inge Alsaker orienterte om samfunnsøkonomiske berekningar brukt i samband med vegprioriteringar.

Han presiserte at Statens vegvesen har gode metodar for berekningar, men at resultatane først og fremst kan brukast til å vurdere transportøkonomi. Det kan vere nyttig i val mellom alternativ, men eignar seg ikkje til å samanlikne investeringar innan ulike område.

Berekningar gjort i Ferjefri E39-prosjektet, viser at andre verknader kan vere svært store for næringsliv og busetnad – for heile landet – når det skjer store endringar i vegnettet, som til dømes ferjeavløysingar.

5. Synspunkt på behova på riksvegane frå Hordaland fylkeskommune

Håkon Rasmussen peikte på at det er mange og uløyste behov i Hordaland.

Han framheva behovet for å få gjennomført KVV for Hordalandsdiagonalen. Mange andre vegspørsmål heng på avklaringar som den kan gje.

Sjå elles vedlagde presentasjon

6. Synspunkt på behova på riksvegane frå Rogaland fylkeskommune

Gottfried Heinzerling uttrykte behov for eit godt fagleg grunnlag for prioriteringane som må gjerast. Samfunnsøkonomiske berekningar er ikkje nok, det må vere med andre viktige faktaopplysningar som ein kan ta stilling til.

Han peika på målkonflikten mellom dimensjonering av innfartsårer og nullvekstmålet.

Tilsvarende viste han også til målsettinga om framkomst for modulvogntog og konkurransen med jernbanen. Han meinte Statens vegvesen burde ta eit heilskapleg ansvar for å vurdere dette i NTP-samanheng.

NTP er eit statleg styringsverktøy, men burde ha eit nasjonalt perspektiv der all samferdsel var med, ikkje berre dei statleg finansierte.

7. Synspunkt på behova på riksvegane frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dina Lefdal viste til at store deler av riksvegnettet i Sogn og Fjordane ligg under det som må reknast som minimumsstandard.

Viktige moment er fjerning av forfall og tilstrekkeleg nivå på drift og vedlikehald.

Sjå elles vedlagde presentasjon.

8. Vidare arbeid og samarbeid. Avslutning

Vegdirektoratet vil arrangere regionale møte om NTP i løpet av hausten. Dato er ikkje fastsett.

Fylkeskommunane ønskjer å vere involverte i det vidare arbeidet.

Det vil bli kalla inn til eit møte i siste del av september.

Vidare er det aktuelt med eit møte til våren under arbeidet med Grunnlagsdokumentet. Tidspunktet vert fastsett seinare.

Ansvar / frist
